



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Formannskapet



Møtedato:	29.04.2026
Møtetid:	15:00 - 19:00
Møtestad:	Lonevåg, Rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Alexander Thunestvedt	Ordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Varaordfører	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF

Faste medlemmer med forfall

Namn	Rolle	Parti
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Synne Thunestvedt	Jarle Skeidsvoll(KRF)	SV
Renathe Tangen	Sebastian Haugland(H) frå sak PS15/26	V
Sigmund Arve Faugstad	Gildskapsvara for Ragnar Tyssebotn PS 14/26	FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Aleksander Bergli

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 10/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 11/26	Godkjenning av møtebok 11.02.2026
RS 2/26	Orientering frå kommunedirektør
RS 3/26	Ferjesambandet Valestrandsfossen - Breistein – vedr innskrenking av kveldsruter i nytt anbod
RS 4/26	Brev frå Vestland fylkeskommune vedr ferjesambandet Valestrandsfossen - Breistein og kveldstilbodet i nytt anbod
RS 5/26	Notat arbeidsmarknadsbedriftane i Nh - Alver kommune
PS 12/26	Søknad om fritak for eigedomskatt bustad
PS 13/26	Søknad om fritak Vestland Fylkeskommune
PS 14/26	Avklaringar om KPA - Areal til bustad og Inf-spreidd i arealdelen til kommuneplanen
PS 15/26	Retningslinjer for Evinyfondet
PS 16/26	Reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker
PS 17/26	Saksgang og handsaming Omsorg+
PS 18/26	KPA Arbeidsgruppe
PS 19/26	Andre saker/Spørsmål

Alexander Thunestvedt

Varaordfører

PS 10/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 10/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Spørsmål som vart sende inn i forkant av møtet, vart svara ut skriftleg og ligg under «Andre saker / spørsmål».

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 10/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

PS 11/26 Godkjenning av møtebok 11.02.2026

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 11/2026 Godkjenning av møtebok 11.02.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 11.02.2026 vert godkjent.

Votering:

Møtebok frå 11.02.2026 vart samrøystes godkjend

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 11/2026 Godkjenning av møtebok 11.02.2026:

Møtebok frå 11.02.2026 vart godkjent.

RS 2/26 Orientering frå kommunedirektør

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 2/2026 Orientering frå kommunedirektør:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 2/2026 Orientering frå kommunedirektør:

Teken til vitande.

RS 3/26 Ferjesambandet Valestrandsfossen - Breistein – vedr innskrenking av kveldsruter i nytt anbod

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 3/2026 Ferjesambandet Valestrandsfossen - Breistein – vedr innskrenking av kveldsruter i nytt anbod:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 3/2026 Ferjesambandet
Valestrandsfossen - Breistein – vedr innskrenking av kveldsruter i nytt anbud:

Teken til vitande.

RS 4/26 Brev frå Vestland fylkeskommune vedr ferjesambandet
Valestrandsfossen - Breistein og kveldstilbodet i nytt anbud

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 4/2026 Brev frå Vestland
fylkeskommune vedr ferjesambandet Valestrandsfossen - Breistein og
kveldstilbodet i nytt anbud:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 4/2026 Brev frå Vestland
fylkeskommune vedr ferjesambandet Valestrandsfossen - Breistein og
kveldstilbodet i nytt anbud:

Teken til vitande.

RS 5/26 Notat arbeidsmarknadsbedriftane i Nh - Alver kommune

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 5/2026 Notat arbeidsmarknadsbedriftane i Nh - Alver kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 5/2026 Notat arbeidsmarknadsbedriftane i Nh - Alver kommune:

Teken til vitande.

PS 12/26 Søknad om fritak for eigedomskatt bustad

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 12/2026 Søknad om fritak for eigedomskatt bustad:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at søknad om fritak for eigedomsskatt vert avslått.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Søknad om fritak vert godkjennt grunna at huset sånn som det er i dag er ubelig og farlig, og har sånn sett 0 verdi. Me gjer også fritak for øvrige kommunale avgifter grunna at det er ingen som kan bu i huset grunna fare for liv og helse. om huset ein dag vert bebud igjen skal eigendomskatt og øvrige kommunale avgifter begynne å løpe igjen. Eigendomskatt betalt i perioden frå han fekk forbud om å bu i huset til no vert tilbakebetalt.

Framlegg til vedtak frå Sebastian Haugland (H):

Formannskapet ber kommunedirektøren gi ein instilling til heradsstyre. Der skal ho godkjenner søknaden om fritak for eigendomsskatt. Her skal kommunedirektøren legg inn i vedtaket at det er med forbehold om at bustad er ubebueleg og at det kan framvisast dokumentasjon på utgifter knytt til erstatningsbustad, og eventuelle andre forbehold som ein bør ta.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp) fall med 2 røyster (2Frp) for og 5 røyster mot.

Framlegg til vedtak frå Sebastian Haugland (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 12/2026 Søknad om fritak for eigedomsskatt bustad:

Formannskapet ber kommunedirektøren gi ein instilling til heradsstyre. Der skal ho godkjenner søknaden om fritak for eigendomsskatt. Her skal kommunedirektøren legg inn i vedtaket at det er med forbehold om at bustad er ubebueleg og at det kan framvisast dokumentasjon på utgifter knytt til erstatningsbustad, og eventuelle andre forbehold som ein bør ta.

PS 13/26 Søknad om fritak Vestland Fylkeskommune

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 13/2026 Søknad om fritak Vestland Fylkeskommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at det ikkje blir gitt fritak.

Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Fritaket gjeld eigedomsskatt for Osterøy vidaregåande skule.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg og endringsforslag vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 13/2026 Søknad om fritak Vestland Fylkeskommune:

Kommunedirektøren tilrår at det ikkje blir gitt fritak.

Fritaket gjeld eigedomsskatt for Osterøy vidaregåande skule.

PS 14/26 Avklaringar om KPA - Areal til bustad og Inf-spreidd i arealdelen til kommuneplanen

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 14/2026 Avklaringar om KPA - Areal til bustad og Inf-spreidd i arealdelen til kommuneplanen:

Protokollmerknad: Innstillinga frå PKU vart ikkje lesen opp før røystinga. Før røystinga spurde ordføraren om nokon i utvalet ønskte å fremje innstillinga frå PKU. Det var ingen som ønskte å fremje innstillinga frå PKU.

Før saka vart handsama, bad Ragnar Tyssebotn (Frp) om at gildskapen hans vart vurdert, og han gjorde nærare greie for tilknyttinga si til sakaeigedommen Svartevågen som selskapet til eit av barna hans eig. Det vart gjort greie for ei skrifteleg habilitetsvurdering(til PKU møte) frå kommunedirektør.

Sigmund Arve Faugstad (Frp) vart kalla inn som varamedlem.

Votering:

Ragnar Tyssebotn (Frp) vart samrøystes erklært ugild og skal ikkje ta del i den delen (Punkt 2 i fellesforslag) av saka han er erklært ugild i , jf. fvl § 6 første ledd bokstav b.

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 22.04.2026:

Heradsstyret sluttar seg til at planframlegget vert revidert i samsvar med dei endringane som går fram av dette saksframlegget, og ber kommunedirektøren arbeide vidare med arealdelen under desse føresetnadene. Heradsstyret ber kommunedirektøren holde Plan- og kommunalteknisk utval orientert om eventuelle endringar.

Plan og kommunalteknisk utval innstiller formannskapet til å treffe slikt vedtak:
Heradsstyret sluttar seg til at planframlegget vert revidert i samsvar med dei endringane som går fram av dette saksframlegget, men med fylgjande unntak:

1) Åsheimsfjellet vert behalde som bustadareal, men vert sterkt redusert. Det reduserte området skal konsentrere seg om området frå Mjeldalen (mellom næringsområdet/'BIR' og eksisterande busetnad, og opp mot Åsheimsfjellet. For å 'få plass til området', vert Kårvika tatt ut/beheld eksisterande arealføremål.
2) Svartevågen og enkelttomten på Raknes (gbnr 111/44), vert behalde som bustadareal. Kommunedirektøren skal gå i dialog med den som har spelt inn framlegget for å finne ei løysing for dette arealet som Statsforvaltar kan akseptere.
For 'å få plass til' området, samt auke utsiktene til å få behalde Åsheimsfjellet, skal LNF-spreidd på Åsheim takast heilt ut.

3) Hamre 129/9 spreidd bustad inntil 3 bustader

4) Børo blir videreført

Heradsstyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med arealdelen under desse føresetnadene, og halde plan og kommunateknisk utval orientert om eventuelle endringar.

Utsetjingsforslaget frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Saka blir utsatt til arbeidsgruppe KPA blir satt ned og påbegynnt arbeid med å gå igjennom høyringsinnspel og for å gje tilråing til formannskap\ heradsstyret.

Utsetjingsforslaget frå Sebastian Haugland(H):

Planen blir satt på pause. Det politiske arbeidet med planen blir starta opp att etter valet 2027.

Framlegg 1 til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Svartevågen og enkelttomten på Raknes (gbnr 111/44), vert behalde som bustadareal.

Framlegg 2 til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Ingen saker blir tatt ut av Kpa inntil vidare.

2 for (Frp) resten mot 5

Framlegg 3 til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Stuttåsen blir ikkje tatt ut av kpa og skal vere med vidare grunna at kommunen har lagt ut mange millionar på va samt eigere har lagt ut mykje pengar og resureser på reguleringsplanen som er vedtatt av heradstyret. prosjektet er sånn.

Framlegg til vedtak frå Ann Kristin Borge (Ap):

Formannskapet sluttar seg til kommunedirektøren si innstilling, bortsett fra Åsheimfjellet, som skal liggja inne til me har meir informasjon.

Votering:

Utsettingsforslag frå Sebastian Haugland(H) fall med ei røyst(H) for og 6 røyster mot.

Utsettingsforslag frå Kim Andre Hartveit(Frp) fall med 3 (2Frp,H) røyster for og 4 mot.

Framlegg 1 til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp) fall med 2 røyster(2Frp) for og 5 røyster mot. Sigmund Arve Faugstad(Frp) røysta for Frp, sidan Ragnar Tyssebotn(Frp) var erklært ugild.

Framlegg 2 til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp) fall med 2 røyster(2Frp) for og 5 røyster mot.

Framlegg 3 til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp) vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ann Kristin Borge (Ap) vart vedteke med 4 røyster(2ap, Sv, Sp) for og 3 mot(2Frp og H).

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 14/2026 Avklaringar om KPA - Areal til bustad og Inf-spreidd i arealdelen til kommuneplanen:

Heradsstyret sluttar seg til at planframlegget vert revidert i samsvar med dei endringane som går fram av dette saksframlegget, og ber kommunedirektøren arbeide vidare med arealdelen under desse føresetnadene. Heradsstyret ber kommunedirektøren holde Plan- og kommunalteknisk utval orientert om eventuelle endringar.

Stuttåsen blir ikkje tatt ut av KPA og skal vere med vidare grunna at kommunen har lagt ut mange millionar på va samt eigere har lagt ut mykje pengar og resursar på reguleringsplanen som er vedtatt av heradsstyret. prosjektet er sånn.

Formannskapet sluttar seg til kommunedirektøren si innstilling, bortsett fra Åsheimfjellet, som skal liggja inne til me har meir informasjon.

PS 15/26 Retningslinjer for Evinyfondet

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 15/2026 Retningslinjer for Evinyfondet:

Tilrådning frå RMNF 27.04.2026

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

Votering:

Tilrådinga frå RMNF vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 15/2026 Retningslinjer for Evinyfondet:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

PS 16/26 Reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 16/2026 Reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 22.04.2026

«Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030.»

Plan- og kommunalteknisk utval innstiller til formannskapet om å treffe slikt endringsvedtak:

Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030, med fylgjande endringar og presiseringar:

a) Punkt 5.1 4. kulepunkt skal lyde slik: Leigeavtale skal vare minst 10 år, vere skriftleg, uoppseieleg for eigar, og omfatte drift, vedlikehald og fordeling av ansvar.

b) 7.1 6. kulepunkt skal lyde slik:

Eigedomen sine bygningar med tun inntil 5 daa kan delast frå dersom resteigedomen blir seld som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift med driftsbygningar og driftsapparat, eller dokumentert plan for oppstart av aktiv drift. Arealet om vert frådelt bør ikkje vera større enn nødvendig for å få til ei naturleg arrodering.

c) Frådeling av areal og bustad- og fritidstomter:

2. kulepunkt skal lyde slik:

- Ved frådeling av tomter i LNF-områder skal tomtene som utgangspunkt ligge minst 100 meter frå næraste driftsbygning der det er husdyrhald av betydning.

Definisjon :

Bruk i aktiv drift:

Bruk som har produksjon iht. areal og som får produksjonstilskot.

Aktiv bonde:

Person som driv landbruksareal og som har produksjon iht. arealet som person disponerer og som søker produksjonstilskot.

Endringsforlag frå Turid Bjørndal Njåstad:

Punkt 7.1 6

Eigedomen sine bygningar med tun inntil 5 daa kan delast frå, dersom resteigedomen blir seld som tilleggsjord til nærliggande bruk i aktiv drift med driftsbygningar og driftsapparat, eller dokumentert plan for oppstart av aktiv drift.

Arealet som vert frådelt bør ikkje vera større enn nødvendig for å få til ei naturleg arrondering.

Tilleggsforlag frå Ann Kristin Borge (Ap):

Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030, med fylgjande endringar og presiseringar:

a) Punkt 5.1 4. kulepunkt skal lyda slik: Leigeavtale skal vara minst 10 år, vera skriftleg, uoppseieleg for eigar, og omfatta drift, vedlikehald og fordeling av ansvar.

b) 7.1 6. kulepunkt skal lyda slik:

Eigedomen sine bygningar med tun inntil 5 daa kan delast frå dersom resteigedomen blir seld som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift med driftsbygningar og driftsapparat, eller dokumentert plan for oppstart av aktiv drift. Arealet som vert frådelt bør ikkje vera større enn nødvendig for å få til ei naturleg arrondering.

c) Frådeling av areal og bustad- og fritidstomtar:

2. kulepunkt skal lyda slik:

- Ved frådeling av tomtar i LNF-områder skal tomtane som utgangspunkt liggja minst 100 meter frå næraste driftsbygning der det er husdyrhald av betydning.

Tillegg til punkt 5.1.4.:

«Dette skal gjelda med mindre det er søkt om og innvilga unntak i samsvar med Jordlova»

Definisjonar :

Bruk i aktiv drift:

Bruk som har produksjon iht. areal og som får produksjonstilskot.

Aktiv bonde:

Person som driv landbruksareal og som har produksjon iht. arealet som person disponerer og som søker produksjonstilskot.

Framlegg til vedtak frå Renathe Tangen(V):

Forslag til Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker vert sendt attende til administrasjonen for ny gjennomgang av definisjonar av "aktiv drift" / "aktiv bonde" / oppfylling av driveplikt, og vurdering av uheldige formuleringar som kan være uklare ved evt. tvist, eks. "at løysinga bidreg til aktive bønder som eig jorda dei treng, og reduserer spekulative disposisjonar og passive landbrukseigedomar.

Renathe Tangen(V) sitt framlegg til vedtak falt med ei røyst for(V) og 6 røyster mot.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Renathe Tangen(V) fall med ei røyst for(V) og 6 røyster mot.

Endringsframlegget frå Turid Bjørndal Njåstad(Sp) vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Ann Kristin Borge (Ap) vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå PKU med dei endringane som er nemnde ovanfor, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 16/2026 Reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker:

«Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030.»

Plan- og kommunalteknisk utval innstiller til formannskapet om å treffe slikt endrings vedtak:

Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030, med fylgjande endringar og presiseringar:

a)Punkt 5.1 4. kulepunkt skal lyde slik: Leigeavtale skal vare minst 10 år, vere skriftleg, uoppseieleg for eigar, og omfatte drift, vedlikehald og fordeling av ansvar.

b) 7.1 6. kulepunkt skal lyde slik:

Eigedomen sine bygningar med tun inntil 5 daa kan delast frå dersom resteigedomen blir seld som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift med driftsbygningar og driftsapparat, eller dokumentert plan for oppstart av aktiv drift. Arealet om vert frådelt bør ikkje vera større enn nødvendig for å få til ei naturleg arrodering.

c) Frådeling av areal og bustad- og fritidstomter:

2. kulepunkt skal lyde slik:

•Ved frådeling av tomter i LNF-områder skal tomtene som utgangspunkt ligge minst 100 meter frå næraste driftsbygning der det er husdyrhald av betydning.

Definisjon :

Bruk i aktiv drift:

Bruk som har produksjon iht. areal og som får produksjonstilskot.

Aktiv bonde:

Person som driv landbruksareal og som har produksjon iht. arealet som person disponerer og som søker produksjonstilskot.

Endringsframlegg:

Punkt 7.1 6

Eigedomen sine bygningar med tun inntil 5 daa kan delast frå, dersom resteigedomen blir seld som tilleggsjord til nærliggande bruk i aktiv drift med driftsbygningar og driftsapparat, eller dokumentert plan for oppstart av aktiv drift.

Arealet som vert frådelt bør ikkje vera større enn nødvendig for å få til ei naturleg arrondering.

Tilleggsframlegget:

Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030, med fylgjande endringar og presiseringar:

a) Punkt 5.1 4. kulepunkt skal lyda slik: Leigeavtale skal vara minst 10 år, vera skriftleg, uoppseieleg for eigar, og omfatta drift, vedlikehald og fordeling av ansvar.

b) 7.1 6. kulepunkt skal lyda slik:

Eigedomen sine bygningar med tun inntil 5 daa kan delast frå dersom resteigedomen blir seld som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift med driftsbygningar og driftsapparat, eller dokumentert plan for oppstart av aktiv drift. Arealet som vert frådelt bør ikkje vera større enn nødvendig for å få til ei naturleg arrondering.

c) Frådeling av areal og bustad- og fritidstomtar:

2. kulepunkt skal lyda slik:

• Ved frådeling av tomtar i LNF-områder skal tomtane som utgangspunkt liggja minst 100 meter frå næraste driftsbygning der det er husdyrhald av betydning.

Tillegg til punkt 5.1.4.:

«Dette skal gjelda med mindre det er søkt om og innvilga unntak i samsvar med Jordlova»

Definisjonar :

Bruk i aktiv drift:

Bruk som har produksjon iht. areal og som får produksjonstilskot.

Aktiv bonde:

Person som driv landbruksareal og som har produksjon iht. arealet som person disponerer og som søker produksjonstilskot.

PS 17/26 Saksgang og handsaming Omsorg+

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 17/2026 Saksgang og handsaming Omsorg+:

Tilråding frå ordførar:

Heradsstyret vel eitt av desse framlegga.

Alternativ 1:

1. Det vert avhalde ekstraordinære møte i råda, altså ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne, samt levekårsutvalet der dei får koma med sin uttale måndag 15. juni.
2. Det vert avhalde ekstraordinært formannskapsmøte onsdag 17. juni, der dei innstiller til heradsstyre
3. Ordinær sakshandsaming og endeleg vedtak i heradsstyremøte torsdag 18. juni.

Alternativ 2:

1. Det vert avhalde ekstraordinære møte i råda, altså ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne, samt levekårsutvalet der dei får koma sin uttale måndag 15. juni.
2. Det vert avhalde ekstraordinært formannskapsmøte onsdag 17. juni, der dei innstiller til heradsstyre
3. Det vert avhalde ekstraordinært heradsstyremøte 25. juni.

Tilleggsforlag frå frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Osterøy kommune vedtar å supplera juryen med ein representant for brukarne (eldrerådet) Den aktuelle personane som vil gå inn som medlemmer av juryen er Jartru Reigstad

I tråd med konkurransegrunnlaget vert det sett ein kort frist for å gjere gjeldande habilitetsinnseiigar. Fristen vert sett til torsdag 30.04.2026 kl. 10.00. Eventuelle habilitetsinnseiingar vert å senda som svar på denne meldinga.»

Votering:

Alternativ 1 vart sett opp mot alternativ 2.

Alternativ 2 vart vedteke med 4 røyster(2Frp,V,Sv) for og 3(2Ap,Sp) røyster for alternativ 1.

Tilleggsforslaget frå Kim Andre Hartveit (Frp) fall med 2 røyster for (2Frp) og 5 røyster mot.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 17/2026 Saksgang og handsaming
Omsorg+:

Alternativ 2:

- 1. Det vert avhalde ekstraordinære møte i råda, altså ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne, samt levekårsutvalet der dei får koma sin uttale måndag 15. juni.**
- 2. Det vert avhalde ekstraordinært formannskapsmøte onsdag 17. juni, der dei innstiller til heradsstyre**
- 3. Det vert avhalde ekstraordinært heradsstyremøte 25. juni.**

PS 18/26 KPA Arbeidsgruppe

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 18/2026 KPA Arbeidsgruppe:

Framlegg til vedtak frå Ann Kristin Borge(Ap):

Framlegg til forhandlingsutval:

- Ordførar (vara: varaordførar)
- Leiar i plan (vara : nestleiar i plan)
- Medlem : Frp (vel vara sjølv, men må vera med i heradstyret eller vara)
- Medlem Krf (vel vara sjølv, men må vera med i heradsstyret eller vara)

Mandat:

Forhandlingsutvalet skal arbeida med KPAen fram mot andre gongs høyring.

Den første oppgåva skal vera å gå igjennom alle høyringsmerknadane som er komne inn til første gongs høyring, og gje heradsstyret tilråding om å treffa vedtak om korleis kommunen skal arbeida vidare med planen.

Etter heradsstyret har treft vedtak, skal kommunen be om å få møta i planforum og leggja fram heradsstyret sitt syn/forhandla.

Tilbakemeldingane/forhandlingsresultatet skal leggjast fram for heradsstyret som skal tilrå korleis kommunedirektøren skal arbeida vidare med planen fram mot vedtak om andre gongs høyring.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp)

Herdis Helle vert leiar i komiteen.

Ordfører vert nest leiar.

Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Ordfører vert leiar

Leiar i plan vert nestleiar

Votering:

Framlegg til vedtak frå Ann Kristin Borge(Ap) vart samrøystes vedteke.

Alexander Thunestvedt (Ap) sitt framlegg vart sett opp mot framlegget frå Kim Andre Hartveit (Frp).

Alexander Thunestvedt (Ap) sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster for og 2 røyster (2 Frp) for Kim Andre Hartveit (Frp) sitt framlegg.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 18/2026 KPA Arbeidsgruppe:

Framlegg til forhandlingsutval:

- **Ordfører (vara: varaordfører)**
- **Leiar i plan (vara : nestleiar i plan)**
- **Medlem : Frp (vel vara sjølv, men må vera med i heradstyret eller vara)**
- **Medlem Krf (vel vara sjølv, men må vera med i heradsstyret eller vara)**

Mandat:

Forhandlingsutvalet skal arbeida med KPAen fram mot andre gongs høyring.

Den første oppgåva skal vera å gå igjennom alle høyringsmerknadane som er komne inn til første gongs høyring, og gje heradsstyret tilråding om å treffa vedtak om korleis kommunen skal arbeida vidare med planen.

Etter heradsstyret har treft vedtak, skal kommunen be om å få møta i planforum og leggja fram heradsstyret sitt syn/forhandla.

Tilbakemeldingane/forhandlingsresultatet skal leggjast fram for heradsstyret som skal tilrå korleis kommunedirektøren skal arbeida vidare med planen fram mot vedtak om andre gongs høyring.

Ordfører vert leiar.

Leiar i plan vert nestleiar.

PS 19/26 Andre saker/Spørsmål

Handsaming i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 19/2026 Andre saker/Spørsmål:

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Formannskapet ber rådmannen om å laga til sak for formannskapet\heradstyret om gjennomgang av alle landbrukseigendommer kommunen eig, for eventuelt salg av desse eigendomanne til nærligande bruk som er i drift eller om til salgs for nyetablerande bønder osv. saka må komma opp seinast til budsjettet behandling 2026\ desember.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 29.04.2026 av sak 19/2026 Andre saker/Spørsmål:

Formannskapet ber rådmannen om å laga til sak for formannskapet\heradstyret om gjennomgang av alle landbrukseigendommer kommunen eig, for eventuelt salg av desse eigendomanne til nærligande bruk som er i drift eller om til salgs for nyetablerande bønder osv. Saka må komma opp seinast til budsjettet behandling 2026\ desember.